



- Uskedalen neste! Vengjebåten klar for roturen i Rosendal måndag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sjetteklassen ved skulen er ute på ei heilt spesiell ferd på fjorden i føremiddagstimane måndag – dei ror kopien av baronen sin vengjebåt frå Rosendal til Uskedalen!**

Skulen skal ha vannsportsdag fredag og då er vengjebåt ein av aktivitetane. Båten har vore i Uskedalen før og det var naturleg å spørja eldsjelen Knut E. Skåla om eit nytt utlån.

- Og det var ikkje nei i din munn, Skåla?

- Nei, utlån til skuleformål er noko av det mest fornuftige vi kan driva med. I tillegg til levande formidling av kulturhistorie er dette ein svært sosial aktivitet, elevane må bokstaveleg tala arbeida saman hvis resultatet skal bli bra.

Det sa den pensjonerte læraren medan 9 elevar, rektor Vidar Haugland og lærar Elisabet Amundsen var i gang med sjøsetjinga i Rosendal. Grunnen til at berre ni av de 18 elevane var i aksjon var at dei ni andre skulle ta over på Ljosnes. Vertilhøva kunne ikkje ha vore betre og dei såg fram til ein fin tur utover fjorden. For at roinga ikkje skulle bli for vanskeleg var det berre seks som rodde samstundes.

Originalbåten til baronen, som er frå 1760, er sjølv sagt freda og det er utenkjeleg å fjerna han frå baroniet. Kopien er no 20 år gamal og har også ei høgst spesiell historie. Han vart bestilt av ein privatmann i Oslo, bygt av Djupevåg i Kvam og betalt med 300.000 kroner. Av ymse grunnar måtte mannen selja båten og han gjekk for 110.000 kroner til kommunen, baroniet og nokre privatpersonar. No blir han nytta frå tid til annan, til dømes i den spesielle roturen "Tysnes Rundt", og han var også med i filmopptaka til "Rosa og Benoni".

Det hender at også råsegl blir nytta på vengjebåten, som heiter slik fordi huset bak i båten der baronen med følgje sat kallast vengje. Der er det plass til fem personar, medan det er rom for 10 roarar.

No er det Kvinnherad Kystlag som disponerar båten og skulane får låna han gratis.

- Men kva slags båt er det egentleg?

- Det er egentleg ei lita jekt, svært sjødyktig og med framifrå eigenskapar. I si tid fekk ho av embetsfolk attest for å vera "den behageligste reisemåte på Vestlandet". Men dei seilte ho berre under gåande vind, dei kryssa ikkje. Mest var baronbåten naturleg nok nytta på turar til Bergen, som tok to dagar kvar veg, fortel Skåla før han kjem med nokon formanande od til elevane:

- Ikkje jag opp tempoet, ta det med ro, men det er OK med to mann på ei åre. Og så må dykk stella fint med båten i Uskedalen!

- Det siste er ikkje noko problem, han skal ha det roleg i båthamna, lovar rektor Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



Sjøsetjinga i Rosendal gjekk smertefritt. (Foto: Ola Matti Mathisen)